



Sølvi og Marie Erdal frå Bergen med triveleg gevinst. (Foto: Av Ola Matti Mathisen)

**Det møtte fram rundt regna 40 til bedehus-basaren dette året medan 60 var der i fjor. Dermed vart resultatet 23 075 kroner til drifta av bedehuset mot 28 149 for eitt år sidan. Men basaren, ei av dei mest tradisjonsrike tilskipingane i Uskedalen, var ein triveleg og tankevekkjande fredagskveld.**

**Og apropos tradisjonar: Dei eldste i forsamlinga kunne hugsa heilt tilbake til den gongen då ei åre kosta 10 øre medan prisen no er fem kroner.**

- Guds rike er midt mellom dykk og Jesus er midt mellom oss sjølv om vi ikkje ser han, sa kveldens andaktsaldar - forkynnar og tidlegare krinsekretær i Indremisjonen Thoralf Stensland.

Både før og etter andakten var det åresal og sal av lodd, men det hadde som vanleg også vore ein innbringande optakt i form av 'førehands-sal' på SPAR.

Basaren var prega av den store rutine som arrangørane naturleg nok sit inne med og gevinstflommen var imponerende sjølv om det ikke var nokon spesielt verdfull gevinst denne gongen.

Basaren vart avvikla i ein munter atmosfære der ikkje minst fireåringen Torbjørn Haugland var ein sentral aktør som utleverar av gevinstar.

Serveringa heldt vanleg standard under basaren og det seier ikkje så lite!

Av Ola Matti Mathisen



Ingebjørg Haugland sel årer til eigen familie og andre. (Foto: Ola Matti Mathisen)